



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
13/00095-42

ARK. Forvaltningsarkivet
822.1

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
24.02.2016

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Fartyvernet i SAVOS-fylka - Hordaland fylkeskommune - tilskot frå statsbudsjettet 2016 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til Dykkar søknad datert 29.10.2015 om tilskot til Fartyvern i SAVOS - fylke - Hordaland fylkeskommune. Vi har gått gjennom søknaden og finn at han oppfyller gjeldande vilkår.

VEDTAK:

Riksantikvaren gjev med dette eit tilskot frå statsbudsjettet 2016 kap. 1429 post 74 på inntil

kr. 1 340 000,-

Tilskot skal dekkje følgjande kostnader, slik desse kjem fram av søknadene:

Tiltak	Søknadssum	Tilskot 2016
50 % av fylkeskommunale tilskot for farty som Riksantikvaren har gjeve status som freda eller verna skip	840 000	840 000
50 % av ny fylkeskommunal tilskotspost til drift av farty med status som freda eller verna skip. Av desse skal kr. 375 000 gå som FDV-tilskot til M/F «Skånevik».	500 000	500 000
Til saman	1 340 000	1 340 000

Fylkeskommunen si handtering av tilskotsmidla skal følgje «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkåra nærare omtalt i vedlegget «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 - 79». Vi ber om at fylkeskommunen nyttar seg av vedlegget «Akseptskjema for tilskuddsmottaker 2016» overfor eigar ved tildeling av tilskot. Saman med skjemaet skal eigar også få kopi av vedlegg et «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap.1429 post 71 - 79».

Grunngjeving

Etter modell frå SAVOS-ordninga gjev Riksantikvaren midlar til fylker med eigne tilskotsordningar for farty som er omfatta av Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for farty. Tilskotet skal i storleik være likelydande det fylkeskommunen sjølv har satt av til ordninga.

Tilskot frå post 74

Midlar frå Riksantikvarens kapittel 1429 post 74 er knytt til bevaringsprogrammet for

fartøy. Formålet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand freda og eit utval av fartøy der det inngått avtale om vern. Fylkeskommunen skal fordele midlane tildelt over SAVOS-ordninga til konkrete tiltak innan sikring, istandsetjing og restaurering.

Nærare om bruken av midlane/antikvariske retningslinjer

Arbeida skal utførast i samsvar med fartyet si historie. Det skal stillast krav til utførande handverkarar/verksemd sin antikvariske kompetanse og tekniske og faglege kvalitet. Eit hovudprinsipp i antikvarisk arbeid er å skifte ut minst mogleg av det originale materialet. Delar som må skiftast skal erstattast av delar laga av same type materiale og tilverka på same måte, og arbeida skal utførast etter dei same handverksmetodar som tidlegare vart nytta på same på stad.

Dersom det oppstår tvil om planlagde tiltak eller utføring vil vere i tråd med antikvariske retningslinjer skal det takast kontakt med Riksantikvaren. Dersom retningslinjene ikkje vert følgde kan konsekvensen bli at tilskotet ikkje vert utbetalt.

Utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskot skal skje i samsvar med vedtak om tilskot.

Utbetaling av tilskot til fylket skjer på bakgrunn av førespurnad om utbetaling frå fylkeskommunen. Førespurnaden skal innehalde ein kort oversikt over fylkeskommunen sine prioriteringar. Riksantikvaren aksepterer at 10 % av dei tildelte midla ikkje er disponert på dette tidspunktet. Brev med utbetaling vil innehalde ei godkjenning av fylkeskommunen sine planer, eventuelle merknadar samt ei utbetaling av heile tilskotet.

Rapportering

Fylkeskommunen si rapportering på tilskotet skal innehalde dokumentasjon på at utbetaling av tilskot til fartya har funne stad. Fylkeskommunen sine utbetalningar skal følgje dei prioriteringane som vart lagt grunn ved førespurnad om utbetaling av midla.

Fartøyeigarar skal følgje Riksantikvaren sine krav til rapportering på tilskot frå post 74: Etter at prosjektet er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Frist for rapportering for tilskot i 2016 er 15. januar 2017.

Av rapporten skal det gå klårt fram korleis arbeida/tiltaket/prosjektet vart gjennomført, og om måla er nådde. Rapporten skal innehalde:

- skildring av det som er utført
- foto teke før, under og etter dei utførte tiltaka
- regnskap med oversikt over mottatte faktura

Rapporten skal innehalde opplysingar om samla finansiering spesifisert på:

- Riksantikvaren (kapittel 1429 post 74).
- Andre departement eller direktorat.
- Tilskot frå kommune eller fylkeskommune.
- Anna finansiering (spesifisert).
- Eigeninnsats/eigen finansiering.

Retningslinjer og vilkår

Vedlagt følgjer skrivet *Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet*. Mottakar av tilskot skal gjere seg godt kjend med innhaldet. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert akseptert og etterlevd.

Informasjon om høve til å klage

Vedtaket kan klagast inn til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing



Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
seksjonssjef



Erik Småland
seniorrådgjevar

Vedlegg: 1

Kontering ved tilskot og tilsegn: <i>(for intern bruk hjå Riksantikvaren)</i>			
Konto:	Koststad:	Innsatsnr:	Tilskotsnummer:
8719	492	-	160738
Beløp:	VP (res mål):	Merknad:	
1 340 000,-	160200	Tilskot – Fartyvernet i SAVOS-fylka – Hordaland fylkeskommune	